

Statens vegvesen v/ Ståle Furnes

Dato: 18.02.2019  
Vår ref.: 2017/2573-22  
Saksbehandlar: helmoe\_  
Dykkar ref.:

## **Reguleringsplanarbeid for kollektivknutepunkt og innfartsparkering på Flatøy i Meland kommune - Avklaringar i høve til kulturminnedokumentasjon, jf. krav til rekkefølge i føresegnene - lemstove og løe på gnr. 1 bnr. 2, 5 og 7.**

Vi viser til telefonsamtale 31.01. 2019, i høve avklaringar om kulturminnedokumentasjon og presiseringar i føresegnene.

### **Bakgrunn**

I vår kulturminnefaglege fråsegn til reguleringsplanarbeidet ba vi hausten 2018 om at det i føresegnene blir stilt krav om kulturminnedokumentasjon av våningshuset og løa på gnr. 1, bnr. 2,5 og 7 før søknad om riving eller flytting. Vidare bad vi om at kryssa på bygningane blir tekne vekk frå plankartet og at bygningane ikkje blir reve eller flytta før tiltaket på området skal utførast.

Etter å ha mottatt ein rapport frå synfaring, jf. brev datert 06.12.2018, gav vi innspel om at: «Dersom lemstova blir omsøkt riven, ber vi om at det vert tatt dendrokronologiske prøver av den nordre stova.» Vidare skreiv vi at lemstova har god tilstand, får jamt vedlikehald, og er i bruk som heilårsbustad.

I telefonsamtalen 31.01. 2019 spurte dykk mellom anna om det vil vere mogeleg å få utført dendrokronologiske prøver av lemstova si nordre stove utan at dei som bur i våningshuset treng å flytte ut. Vidare vart det uttrykt at dykk reknar med at det blir byggestart allereie i 2020.

### **Vurdering**

Lemstova er ein type bygning som har kulturminneverdi, og bør difor takast vare på som ein bruksressurs, særleg då den er i god stand.

I rapporten etter synfaringa hausten 2018 stod det at det ville vere naudsynt med fjerning av kledning innvendig og utvendig for å kunne ta dendrokronologiske prøver. Det er no presisert at det vil vere naudsynt med ei omfattande demontering for å kunne ta prøvene. I praksis vil det seie at det er tenleg å ta dendrokronologiske prøver *i samband med* flytting eller demontering av bygningen.

Rekkefølgekrava i føresegnene vil då vere at ein for lemstova gjer ein grundig kulturminnedokumentasjon utan demontering før ein søknad om riving eller flytting, og at ein i samband med demontering av bygningen – enten bygningen skal takst ned utan å bli attreist, eller den skal flyttast – gjer dendrokronologiske prøver av den nordre delen av lemstova.

For løa/fjøset kan det i føresegnene stå at det skal utførast ein grundig kulturminnedokumentasjon utan demontering før søknad om riving eller flytting.

Vi minner om at dersom bygningane eller delar av bygningane er eldre enn 1850, er dei meldepliktige, jf. kulturminnelova § 25.

Då lemstova er i god stand, bør den takast vare som bruksressurs. Vi rår difor til at ein finn ein egna plassering av den. Dersom det ikkje er mogeleg innanfor planområdet, rår vi til at de går i dialog med kommunen og søker å finne ei alternativ plassering ein annan stad. Det rår såleis til at det i føresegnene står at ein framfor å rive lemstova skal flytte den.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Helene Moe  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Meland kommune